

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Karina Vestrheim	Arkiv:	K2-L12, PLANID-20180001771
Arkivsaksnr:	18/1771 19/14225		

Detaljregulering skuleveg frå og til Rørstadmarka via Dalvegen

1. gongs behandling - offentlig høyring og ettersyn

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Det faste utvalet for plansaker	04.06.2019	055/19

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova (2008) § 12-10 vedtek «Det faste utvalet for plansaker» å leggje forslag til detaljregulering for skuleveg til/frå Rørstadmarka via Dalvegen ut til 1.gongs offentlig høyring og ettersyn i minst 8 veker (pga. ferien). Plankart datert 28.5.2019, føresegner og planbeskrivelse er datert 27.05.2019.

Tittel	Dok.ID
Dokument 3_plantegning_R100	408782
Dokument 2_Planbestemmelser	408783
Dokument 1_Planomtale	408784
Dokument 4_ROS	408785
Drøftingsmøte med fylkeskommunen 31.01.19	408786
Fylkesmannen	408789
Fylkeskommunen	408788
Sula kommune - uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid Dalvegen - ny skule på Rørstadmarka	408948
NVE	408791
Mattilsynet_ Trinn 1 og 2	408790
Fra Hasfjord og Brækkan_ trinn2	408787
Tranvåg veglag	408792

04.06.2019 Det faste utvalet for plansaker

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.

P-055/19 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (2008) § 12-10 vedtek «Det faste utvalet for plansaker» å leggje forslag til detaljregulering for skuleveg til/frå Rørstadmarka via Dalvegen ut til 1.gongs offentlig høyring og ettersyn i minst 8 veker (pga. ferien). Plankart datert 28.5.2019, føresegner og planbeskrivelse er datert 27.05.2019.

Bakgrunn for saka:

Reguleringsplanen skal legge til rette for etablering av gang- og sykkelveg fra planlagt ny skule på Rørstadmarka til Dalvegen på Fiskarstranda. Formålet med reguleringsplanen er trygg skuleveg.

Oppstart av planarbeidet vart i henhold til PBL § 12-8 varsla grunneigarar og offentlege myndigheiter i brev datert 05.11.18, samt annonse i Sulaposten 08.11.18. Sula kommune varsla samtidig oppstart av planarbeid på si hjemmeside. Fristen for å komme med merknad til oppstartsvarselet var satt til 05.12.18.

Saksopplysningar:

Hovedmålet for denne reguleringsplanen er å leggje til rette for trygg skuleveg frå Fiskarstranda til den planlagte skulen ved Rørstadmarka. Gang- og sykkelløsninga skal være universelt utforma og vegen skal lysetast. Det er eit mål at gang- og sykkelløsninga fra Fiskarstranda til den nye skulen på Rørstadmarka skal være det naturlige førstevalget til/frå skulen, slik at fleire velge å gå/sykle til skulen fremfor å verte kjørte. Vidare er det eit mål at gang- og sykkelvegen skal verte ein viktig kobling i forbindelse med fritidsaktivitetar og rekreasjon.

Deler av det aktuelle området er i arealdelen til kommuneplanen avsett til naturområde og LNF, og det er i dette område ny gang- og sykkelveg vert planlagt. Gang- og sykkelvegen vil dermed ikkje berøre område avsett til bustadformål, men heller gjere bustadutviklinga enklare ved at gangveg mellom Dalvegen og Rørstadmarka skule er løyst for dette område. Gang- og sykkeltrafikken vil på denne måten verte separert frå biltrafikk til og frå dette planlagte bustadområdet.

Planområde for denne reguleringsplanen ligg i randsona mellom bebyggelsen på Fiskarstranda og naturområda mot fjellet med mange større og mindre innsjøar. Traseen går fra Fiskarstranda langs Storevatnet til Rørstadmarka.

Eksisterande arealbruk i området er primært naturområde med bustadbebyggelse i kvar ende av traséen og noko spredt bustadbebyggelse langs traséen. I tillegg er det eit eksisterande idrettsområde med fotballbaner, ballbinge og klubbhus. Gang- og sykkelvegen skal byggast heilt fram til skulen, men ein del av gang- og sykkelvegen inngår i kommunens reguleringsplan for skuleområde. Dette planforslaget inkluderer gang- og sykkelvegen inn mot idrettsområdet på Lømyra.

God og trygg skuleveg er eit viktig lokalt og nasjonalt mål som denne planen leggje til rette for. Ein bind saman Fiskarstranda med Rørstadmarka med ein trygg, opplyst og universelt utforma gang- og sykkelveg. Skulebarn som brukar den nye gang- og sykkelløsninga trenger ikkje å bevege seg ned på fylkesvegen, og kan ved realisering av denne planen gå eller sykle på eit sammenhengande tilbud for mykje trafikantar som er adskilt fra kjørebana.

Planen gjev generelt gode forhold og forbindelsar for mjuke trafikantar og vil forhåpentleg fremme målet om å få fleire til å velge å sykle og gå frem for å kjøre bil.

Denne planen ivaretek hensyna til barn og unge. Tilbudet for mjuke trafikantar kan brukast både til og frå skulen, men også på fritida til ulike aktivitetar (blant annet ved idrettsanlegg på Lømyra) eller ved besøk til venner og familie. Ein opplyst gang- og sykkelveg vil auke tryggleiksfølelsen, og brøyting vil gjere at tilbudet kan nyttast heile året. Meir bruk og meir aktivitet på strekninga vil også vere med på å auke trygghetsfølelsen.

Drøftingsmøte 31.1.2019:

I møtet vart følgjande synspunkt lagt fram:

Arkeologiske undersøkingar – synspunkt frå **Møre og Romsdal fylkeskommune**

- Planlagt gjennomføring av undersøkingar er vår/sommar 2019
- Sula kommune må informere aktuelle grunneigarar og inngå avtale om tilgang til grunn frå midten av april 2019. I avtale med grunneigarar må eventuell kompensasjon for avlingssvikt avklarast i tillegg til ansvar for istandsetting.
- Det er mest sannsynleg å gjere funn lengst mot nord og lengst mot sør i området som er omfatta av varsel om regulering.

Verneomsyn – synspunkt frå **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

- Verneområde med formål dyrelivsfredning vert vurdert å kunne forenast med tiltak i form av gang/sykkelveg. Det er godkjent og realisert tiltak i det varsla planområdet frå før og nytt tiltak i form av gang/sykkelveg vil truleg ikkje true verneomsyna.
- Vern/dyrelivsfredning vil i praksis innebære eit forbod mot jakt.
- Lyssetting av gang/sykkelveg vil ikkje være i konflikt med verneomsyn med grunnlag i at hekkeperioden vil være i den lyse årstida.

Bygging av gang/sykkelveg må skje utanom hekketida for fugl i verneområda då anleggsdrift vert vurdert å verke forstyrrande. Tilsvarande må riggområde plasserast i tilstrekkelig avstand frå vatn/verneområde for ikkje å forstyrre fugl.

Landbruksinteresser – synspunkt frå **Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

- Nasjonale føringar og mål for jordvern er skjerpa seinare år. Det er eit regionalt mål i Møre og Romsdal at omdisponering av dyrka jord ikkje skal utgjere meir enn 200 dekar årleg.
- Alternativ plassering av gang/sykkelveg må vurderast før dyrka jord vert nytta.
- Det vert vurdert å ligge til rette for landbruksdrift på areal omfatta av eigeidomane Gnr. 78/2 og 75/2.
- Fylkesmannen ved Yngvild Meinseth vil gje ei nærmare vurdering i høve framlagt alternativ for plassering av gang/sykkelveg med føring om universell utforming.

Merknadsvurdering:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Vassdrag/natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Tiltaket grensar til dyrelivsfredingsområde som igjen grensar til Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat. Særleg er sivsona nærast vatnet viktig for dei hekkande fugleartane som held til i desse vatna. Fylkesmannen rår difor til at ein ser på verneområdet og dei tilgrensande våtmarksområda i samanheng, og legg vekt på å ta vare på den naturlege vegetasjonssona også langs Storevatnet gjennom å legge inngrep i god avstand frå dei mest sårbare områda langs vatnet. Gang- sykkelvegtraséen bør nytte/ ligge inntil eksisterande anlegg og strukturar der dette er mogleg. Delar av traséen frå Dalvegen er lagt over område som i kommuneplanen er sett av til LNF-føremål og som er i bruk som fulldyrka mark. Fylkesmannen meiner det er uheldig at ein gjennom planarbeidet går inn for å nytte dyrka mark, då trasévalet vil omdisponere matjord og produksjonsareal frå landbruksnæringa. Med bakgrunn i

jordvernmåla rår Fylkesmannen sterkt i frå løysing som føreset omdisponering av dyrka mark.

PBO-vurderingar: Viser til drøftingsmøte mellom Sula kommune, Fylkesmannen og fylkeskommuna 31.01.19 for å diskutere forholdet til kulturminner, verneområdet og dyrka mark . Med hensyn til lyssetting av gang- og sykkelvegen vart det konkludert med at dette ikkje vil være i konflikt med vernehensyn då hekkeperioda er i den lyse årstida. Videre var det enighet om at bygging må skje utenom hekketian for fugl i verneområd og at riggområda i størst mulig grad skal plasserast i tilstrekkeleg avstand fra vant/verneområda for ikkje å forstyrre fugl. Biolog skal før utbygging befare og kartlegge område for fremmade uønsat arter(svate lista). Ved funn skal hånnderingsplan utarbeidast. Dette er også fastsatt i bestemmelsane til planen.

ROS-analyse er utarbeida med utgangspunkt i fylkesmannen si sjekklister,

Møre og Romsdal fylkeskommune:

Vi bed om at det verte teke omsyn til dyrelivet, jf. dyrelivsfredlingsområdet og at ein vurderer trasear som ikkje inneber nedbygging av dyrkajord. Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

PBO-vurderingar: I bestemmelsane er det sagt at anleggsvirksomheit ikkje skal foregå i hekkeperioda. Forhold til dyrka mark, støy, lysforurensing, fugleliv, insektliv og kulturminner har vore diskutert i møte med fylkesmann og fylkeskommune 31.01.19, se vedlagt referat. Det er bestilt kulturminneundersøkingar og desse skal etter planen utførast sommeren 2019. Planen vil ikkje verte godkjent før rapport forelegg.

Statens vegvesen:

Ny gang- og sykkelveg frå Dalvegen langs Storevatnet til planlagt ny skule på Rørstadmarka. Det er også varsla oppstart av detaljregulering for ny veg med fortau og ny gang- og sykkelveg mellom Myrbekkane i Mauseidvåg til Rørstadmarka skule. Vi viser til merknadar i vår uttale av 30.11.18. For øvrig er det viktig at ny gang- og sykkelveg vert sikra god påkobling til eksisterande gang- og sykkelvegar vidare mot vest og nord ved Dalevegen. Nærare uttale vil vi kome attende til når plan ligg føre.

PBO-vurderingar: Fortau og gang- og sykkelvegar er utforma i tråd med gjeldande krav i ny N100. Universell utforming er ivaretekt. Det vert lagt opp til at den skal nyttast som skuleveg hele året. Gang- og sykkeløysninga vert bygd opp med fast dekke for enklere vinterdrift og det lagt opp til belysning. Gang- og sykkeløysninga er skilt fra bilveg på hele strekninga. Ein del av Tranvågvegen vert bygd med fortausløsning.

NVE:

Store delar av planområdet grensar til Storevatnet og kryssar mindre bekkar med utløp i vatnet. Klimaframskrivingar tilseier at det vil bli hyppigare episodar med styrtregn og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km² må ein rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år. Tettare utnytting av areala vil også medføre raskare avrenning i nedbørsperiodar. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd Klimaprofil for Møre og Romsdal som skildrar dei forventade konsekvensane klimaendringane vil få i området. NVE rår kommunen til å nytte denne kunnskapen, og vurdering av avstand til vatnet og kapasitet på kulvertar og andre restriksjonar i bekkeløp bør inngå i planarbeidet. NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter VRL, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert. Gjennom delar av planområdet går det også ei 24 kV kraftlinje. Det er eit mindre kraftleidningsanlegg

innanfor områdekonsesjonane og fell innanfor verkeområdet til PBL. NVE rår til at anlegget vert sett av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2.

PBO-vurderingar: Grunnforhold er vurdert nærmare i ROS-analysa. Norconsult har av NVE fått opplyst at kartlegginga i høst/vinter ikkje har ført til identifisering av kvikkleire på Sula. Planområdet skal vurderes av geotekniker i byggeplanfasa og det skal utarbeidast ein tilhørende geoteknisk rapport.

Det vil ikkje verte inngrep i Storevatnet eller i kantvegetasjonen og det er derfor ikkje lagt inn «bruk og vern av sjø og vassdrag» (PBL § 12-5 nr. 6). Langs vannet er arealbruksformål fra kommunedelplanen sin arealdel videreført og naturreservatet er markert med en skravur. Kraftlinjen er markert med faresona i samsvar med PBL §§ 12-6 og 11-8a.

Mattilsynet har ingen innspel til oppstartvarsel til to detaljreguleringplanar – Trinn1: Myrbekkane – Rørstadmarka og Trinn 2: Dalvegen – ny skule ved Øtrevatnet.

Arve og Marit Hasfjord - Mette Hasfjord og Per Olaf Brækkan:

I nabomøtet var det problematisert at området sør for tomt 79/4 er naturvern, uten at det var sjekket opp. Dette er ikkje omtalt i oppstartsvarselet. Vi kan gjennom søk i GISLink ikkje finne at området er naturvern, eller at der er andre årsaker til at området ikke kan innlemmes i reguleringsområdet og benyttes til gangveg.

Planområdet nå valgt er i ikke regulert område som er og i lang tid har vært nyttet til landbruk. Vi synes det er sterkt problematisk at en i disse dager velger å nytte landbruksområde uten å konsekvensutrede alternativ trase.

Vi ønsker at det vurderes alternativ trase rett sør for vår eiendom. Dette vil ligge innenfor allerede regulert plan og utenfor myrområdet. Gangstien vil kunne legges utenom myrområdet, og etter vår mening ha mye større verdi som tursti rundt Storevatnet. tillegg til nevnte utfordringer benyttes i dag både vår tomt og 79/6 som snarvei fra Lømyra til Skjervane. En ny gangsti lagt slik den er tegnet inn vil forsterke muligheten for å benytte disse eiendommene som snarvei da dette er betydelig raskere enn å gå rundt vår eiendom.

PBO-vurderingar: Ein ny gang- og sykkelveg er viktig for å oppnå trygg skuleveg og for å legge til rette for meir bruk av gang og sykkel framfor bil. Dette er viktige samfunns mål for Sula kommune. Det er i dag ein snarveg over marka på aktuelle strekning og det er videre planar om vidare bustadutbygging i område.

Forholdet til dyrka mark, støy, lysforurensing, fugleliv, insektliv og kulturminner har vore diskutert i møte med fylkesmann og fylkeskommune 31.01.19, se vedlagt referat. Kommunen vurderer at samfunnsnyttan av dette tiltaket oppveier eventuelle ulemper.

Tranvågvegen veglag:

Tranvågvegen er ein privat veg, og Tranvågvegen Veglag er ein forening med formål å drifte og vedlikehalde Tranvågvegen. Vi ber derfor om at veglaget vert involvert i planprosessen, og kjem med på adresselista på linje med grunneierane.

Ein strekning av Tranvågvegen ligg inne i planområdet, og det ligger vel an til at ein vil bruke Tranvågvegen eller gå langs Tranvågvegen med skulevegen.

Vi ber om at forholdet til vegen og veglaget hensyntas i planarbeidet.

Tranvågvegen er ein smal veg med 1 kjørebane, der det også er vanskelig når gåande og syklande møter bilar, og vegen er ikkje dimensjonert for særlig økt trafikk. Strekinga der skulevegen vil gå ved Tranvågvegen er spesielt smal, med ein uoversiktleg sving. Dersom

skuleelevane skal bruke Tranvågvegen slik den er i dag vil det være ein svært trafikkfarlig løysning. Det må derfor planlegges gang - og sykkelveg atskilt fra Tranvågvegen. Vi vil også kommentere litt i forhold til utbyggingsfasen. Veggrunnen i meste av Tranvågvegen er av til dels dårlig kvalitet. Dersom det er aktuelt å bruke Tranvågvegen som tilkomst ved byggingen av gang- og sykkelveg, er det risiko for at tungtrafikk i utbyggingsfasen vil gi stor slitasje på vegen. Det må derfor inngå i planleggingen av utbygginga at det vert inngått avtale med veglaget for bruk av vegen i anleggsperioda og korleis slitasje i utbyggingsfasa skal rettes opp eller kompenserasst.

PBO-vurderingar: Tranvågvegen legges om med fortausløsning for den strekninga som skal nyttast som skuleveg.

Andre`Tranvåg m.fl.

«Vi protesterer med dette mot Sula kommune sine planar om skuleveg over markene til 75/2. i brevet datert 05.11.2018 viser Sula kommune til heilt andre planer om kor vegen skal gå enn det som vart diskutert på møtet den 30.08.2018. Desse planane vil gi store inngrep på vår eigedom og ulempe med øydelagde markar, meir støy og lysforureining. Vi ynskjer difor å seie i frå at vi er sterkt imot å gi frå oss dette området til veg. Vi har også planar om å starte opp med sauehald til våren og kan ikkje ha ein veg som kryssar rett over beste matjorda og eit område kor sauene skal beite.

I brevet vert det opplyst at det at det ikkje er nødvendig med planutredning eller konsekvensutredning. Området ligg også tett opp til sårbare verneområde nær vatn. Ein lyssett veg vil også bli til ulempe for dyreliv med uro og eventuell skade. Ein veit i dag at kunstig lys har ein stor negativ påverknad på dyreliv, særleg på fuglar, froskar og insekt. Ein veg vil også bety meir folk og forsøpling av området. Sula kommune vil gjerne stå fram som ein friluftskommune, men dette står ikkje i stil med slike planar. Det er heller ikkje nemnd noko om arkeologiske undersøkingar. Området er gammalt kulturlandskap med mellom anna gamle steingardar, slåttemark og beiteområde. Slikt kan være av stor historisk interesse og tap av slikt er uboteleg.

Avslutningsvis ynskjer vi å hevde at Sula kommune bør utbetre eksisterande veg og gangveg med gangbruer og lyskryss. Elevane på skulen vil da framleis ha ein trygg skuleveg og kan sykle og gå til skulen slik dei også gjer i dag.»

PBO-vurderingar: Ein ny gang- og sykkelveg er viktig for å oppnå trygg skuleveg og for å legge til rette for meir bruk av gang og sykkel fremfor bil. Dette er viktige samfunns mål for Sula kommune. Det er i dag ein snarveg over marka på aktuelle strekning og det er vidare planar om vidare bustadutbygging i området.

Forhold til dyrka mark, støy, lysforureining, fugleliv, insektliv og kulturminner har vore diskutert i møte med fylkesmann og fylkeskommune 31.01.19, se vedlagt referat. Kommuna vurderer at samfunnsnytta av dette tiltaket oppveger eventuelle ulemper.

PBO- samla Vurdering:

Reguleringsplanen skal legge til rette for etablering av gang- og sykkelveg frå planlagt ny skule på Rørstadmarka til og frå Dalvegen på Fiskarstranda. Formålet med reguleringsplanen er trygg skuleveg.

Gang- og sykkelveger til skulen (fra Fiskarstranda og fra Mauseidvåg) skal stå ferdig før den nye skulen på Rørstadmarka kan takast i bruk.

For kommunen sin del er det ønskelig med rask og rasjonell gjennomføring. Men framdrifta er også avhengig av forhold som kommunen ikkje har styring over, f.eks innspill til denne planen og handtering av desse. Planen er forventa godkjent mot slutten av 2019, men forsenkelsar kan oppstå. Kulturminner skal undersøkast parallelt med offentleg ettersyn, og

funn kan utløse behov for endringar. Ved større endringar vil planen kome ut på 2. gangs offentlig høyring og ettersyn.

Dalvegen vil i begrensa utstrekning verte berørt. Ombygging av Tranvågvegen vil medføre behov for omkjøring. Eksisterande gangveg mellom Tranvågvegen og idrettsområde vil verte stengt i forbindelse med utbygginga, men det vil verte vurdert om det er mulig å etablere ein midlertidig sti for skuleelevar. Denne kan ikkje etablerast på nedsian av vatne av omsyn til vegetasjon rundt vatne.

PBO vurderer at planen er komt så langt den kan i planlegginga og ved utlegging til offentlig høyring og ettersyn i minst 8 veker så nærmar vi oss formålet med reguleringsplanen som er trygg skuleveg.